

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: **01 APR 2014**

Vår ref.: 201001799-22 KSK/ baso

Arkiv: 312 / 042.5A

Dykkar dato: 27.04.2012

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Ottesen

22 95 95 28 , baso@nve.no

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Kvanndalselva kraftverk i Kvanndalselva, Etne kommune, Hordaland – oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 19.04.2012. om løyve til bygging av Kvanndalselva kraftverk.

NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25; ”Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet”, ikkje er oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 for bygging av Kvanndalselva kraftverk.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Kvanndalselva kraftverk vil medføre betydelege terrenginngrep i eit fjordlandskap med verdi for friluftsliv og reiseliv. Vi har og lagt vekt på at tiltaket kjem i konflikt med to raudlista artar (VU – sårbar) og to naturtypar som er vurdert til viktige (verdi B) med potensial for oppklassifisering til verdi A – svært viktig. Vi vurderer også at det er potensiale for funn av andre sjeldne og truga artar knytt til området. NVE meiner at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak som vil redusere terrenginngrepa og verknad for landskap og biologisk mangfald.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i vedlagte KSK-notat nr. 42/2014 – Bakgrunn for vedtak.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR


Om klage og klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: KSK-notat 42/2014 – Bakgrunn for vedtak